



Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS
5649 Eikelandsosen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/6329 - 22/78321

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
12.10.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 102/8 Vabø

Tiltak: Dispensasjon og deling
Byggjestad: Gbnr 102/8
Tiltakshavar: Synnøve Nesse
Ansvarleg søkjar: Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.08.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må leggjast fram fullmakt som syner at Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS har rett til å søkja om deling/ rekvirera oppmåling. Alternativt må heimelshavar til gbnr 102/8 skriva under. Det vert ikkje operert med rammeløyve i delingssaker. Legg ved skjema som kan nyttast.
2. Alver kommune som eigar av kommunevegen, gbnr 102/137, ser ikkje ut til å ha vorte nabovarsla.
3. Parsellen som vert søkt frådelt ligg i uregulert område sett av til bustader i kommunedelplan for Lindås. I punkt 2.2 i føresegnene går det fram at før det kan gjevast løyve til mellom anna deling skal arealet inngå i reguleringsplan. Alternativt må det søkjast om dispensasjon frå plankravet. Slik søknad skal vera grunngeven. Meir informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#)
4. Det må dokumenterast at ny grunneigedom vil verte sikra forsvarleg tilgang til hygienisk betryggande og tilstrekkeleg drikkevatt, samt sløkkevatt. Jf. Pbl. § 27-1. Det må også leggjast fram erklæring om rett til å føra vass- og eventuelt avløpsleidningar over annan grunn.
5. Det må leggjast fram utsleppsløyve eller førehandstilsegn på slikt løyve. Eller løyve til å kople seg på offentleg avløpsleidning. I kommunen sitt VA kart viser det kommunal spillvassleidning over tomta. Ein kan ta kontakt med avdeling for forvaltning av vatt og avløp i Alver kommune for å avklare spørsmål om tilkopling til kommunalt nett.

6. Det må synleggjerast at tomta oppfyller krav til uteoppfallsareal sett i punkt 2.6.4 i føresegnene (200 m²).

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan 13.11.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Anne Karin Nesse

Hans Hauges Gate 14

5033

Bergen

Mottakarar:

Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS

5649

Eikelandssosen